



Tor Helge Thorvaldsen
Holsbergstien 13
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2275 - 15/18152

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

02.10.2015

Gjeld søknad om omdisponering til nytt gardshus på GBNR 11/1

Viser til ditt brev datert , og samtale på kontoret. Sidan kommuneplanen er nyleg vedtatt er det ein del spørsmål om tolking av føresegner. Eg har hatt ein diskusjon med plan- og byggesaksavdelingane om søknaden din og me er komen til fylgjande konklusjon.

Du må levera ein søknad om dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen dersom du ynskjer å bygga på bruket. Alternativt kan du søkja om frådelling, då treng du berre dispensasjon for å bygga på dyrka mark. Kommunenplanen opnar for at det kan delast frå to einingar innanfor LNF-spreidd bustadområde på garden din i planperioden. Det er eige søknadsskjema for frådelling, men dispensasjon skriv du som eit brev. Begge delar må nabovarslast. Kart og naboliste ligg ved.

Ein søknad om dispensasjon kan til dømes formulerast slik:

Dersom kommuneplanen krever det søkes dispensasjon frå føresegnene for følgende forhold:

- *Dispensasjon ift bygging på dyrka mark*
- *Dispensasjon frå krav om at nye boliger («einingar») innebærer et krav om at dette skal skje på frådelt bustadtomter*

Etter ei foreløpig vurdering kan administrasjonen ikkje sjå vesentlege innvendingar mot ønskja plassering i et landbruks- jordlovsperspektiv. Spørsmålet om krav til frådelling og eventuelt unntak frå dette vil bli vurdert nærmere ved søknadsbehandlninga. Noko bindande forhåndsvurdering av søknaden kan kommunen ikkje gje, då den blant anna skal på høring og/eller klagevurdering hos sektormyndighet. Dispensasjonane vil bli behandla samla og med 1 gebyr. Søknaden må nabovarsles.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Me avventar svar om du bestemmer deg for det eine eller det andre. Vedlagt ligg kart og naboliste som du kan bruka. Dersom du har spørsmål i saka kontakt landbrukssjef Laila Bjørge.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tor Helge Thorvaldsen

Holsbergstien 13 5918

FREKHAUG